



NORSK INSTITUTT FOR
BUNAD OG
FOLKEDRAKT



Å R S M E L D I N G 2017

Innhold

INNLEIING	3
FORMALIA	3
ADMINISTRASJON.....	5
ADMINISTRASJON	5
ØKONOMI	5
MÅL, UTFORDRINGAR OG SATSINGSOMRÅDE.....	6
<i>Samlingsforvaltning</i>	6
<i>Forsking</i>	6
<i>Nettverk og fornying</i>	6
FORVALTNING OG DOKUMENTASJON	7
ARKIV OG SAMLINGAR	7
<i>Oversyn arkiv og samlingar ved NBF</i>	7
FELTARBEID OG ANNA TILVEKST TIL SAMLINGANE	8
<i>Gjennomførte feltarbeid i 2017:</i>	8
<i>Registreringsarkivet:</i>	8
<i>Registrering, foto</i>	8
<i>Mønsterarkiv</i>	8
<i>Stoffarkiv</i>	9
<i>Modellbunader og draktsamlinga</i>	9
<i>Leif Flugon og Irmelin Benes' samling</i>	9
<i>Biblioteket</i>	9
SAMLINGSFORVALTNING, DIGITALISERING OG SIKRING	10
<i>Primus, Digitalt museum og KulturNav</i>	10
<i>Nomenklatur</i>	11
<i>Sikringsarbeid</i>	11
<i>Sikringsmiddel</i>	11
FORSKING OG FAGLEG FORDJUPING.....	13
REKONSTRUKSJON	13
<i>Rekonstruksjonsarbeid i 2017</i>	13
FORSKINGSPROSJEKT	15
<i>Boksamarbeid med Museum Nord</i>	15
<i>Manifest</i>	15
<i>Draktskikk på Austlandet, ei kjeldstudie</i>	15
<i>Headdress and Hijab: Identity and Gender in Norwegian Bunad</i>	15
RÅDGJEVING, UNDERVISING OG	16
FORMIDLING.....	16
RÅDGJEVING	16
UNDERVISING	16
<i>Drakt og samfunn</i>	16
<i>Bunadopplæringa</i>	16
FORMIDLING	16
<i>Utstilling</i>	16
<i>Nettsider og sosiale media</i>	17
<i>Omvisingar</i>	17
DELTA KING OG MØTE	18
FORNYING OG NETTVERKSBYGGING	21
<i>Studietur til Sør-Frankrike</i>	21
<i>Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil</i>	21

<i>Fagdagane 2017 - Sylv</i>	22
<i>Immateriell kulturarv</i>	22
<i>Evalueringskomité under Unesco</i>	22
BUNAD OG FOLKEDRAKTRÅDET	23

INNLEIING

Årsmeldinga for 2017 syner at det har vore eit travelt år, der mykje godt arbeid har vorte utført ved instituttet. Med nye og betre lokal, to nye tilsette og ny leiar i løpet av 2016, har 2017 vore det året der mykje har kome på plass. Året fekk en spesielt god start då heile staben på instituttet drog på studietur til Sør-Frankrike rett før påske. På turen vitja vi tekstilmuseum og -produsentar som fortalte om produksjon av bomulls- og silkestoff på 17- og 1800-talet.

Det vart i 2015 utarbeidd og vedteke ein ny langtidsplan for 2015 – 2018 både for Valdresmusea og Norsk institutt for bunad og folkedrakt. Langtidsplanen definerer sentrale mål og utfordringar for instituttet, og årsplanen spring ut av denne. I løpet av 2018 skal det utarbeidast ein ny langtidsplan, for perioden 2019-2022. Instituttet sitt faglege utgangspunkt og formål handlar om kunnskap og rådgjeving, og det er difor naturleg at ei styrking av instituttet ligg nett her. Samlingsforvaltning og forskning er i fokus også det neste året, saman med ei satsing på ein ny fast utstilling, som skal opne våren 2019. Norsk institutt for bunad og folkedrakt skal realisere sitt mål om å vere ein kunnskapsinstitusjon ved å la instituttet sine tre hovudoppgåver, forvaltning, forskning og formidling, fungere saman i ein heilskapleg modell. Som kunnskapsinstitusjon ynskjer NBF å styrke arbeidet med immateriell kulturarv, og sendte difor søknad om akkreditering som NGO under UNESCO, våren 2017.

Årsmeldinga vil vise at NBF er godt i gang med dette arbeidet, med desse hovudpunkta:

- Styrking av feltarbeid i utsette områder
- Fleire aktive forskingsprosjekt
- Sendt søknad om akkreditering som NGO
- Deltaking i Evaluation Body under UNESCO

FORMALIA

Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF) er eit nasjonalt kompetansesenter som arbeidar med dokumentasjon, forskning og formidling av folkedrakt og bunad.

I 1947 vart Statens bunadsnemnd oppretta under Heimeyrkekontoret i Landbruksdepartementet. Frå 1955 vart namnet endra til «Landsnemnda for Bunadsspørsmål» og organisert under Kontoret for kunst og kultur. I 1967 vart nemnda omorganisert, og fekk eige sekretariat og nye statuttar. I 1986 vart namnet omgjort til «Bunad- og folkedraktrådet», og same år vart sekretariatet flytt frå Oslo til Fagernes.

Frå 2008 vart drifta av sekretariatet ved Bunad- og folkedraktrådet organisert under Valdresmusea AS, regulert av ein eigen avtale mellom Kulturdepartementet (KUD) og Valdresmusea (VM). Arbeidet ved sekretariatet er no organisert som ei eiga avdeling med felles administrasjon med Valdresmusea. Avdelinga er framleis fullfinansiert frå KUD, og det er KUD som anna kvart år oppnemner nye medlem til BFR. Vedtektene for Valdresmusea er endra for å inkludere BFR/NBF. Museet har vedtak om at ein fylgjer ICOM sine museumsetiske reglar.

Sekretariatet ved Bunad- og folkedraktrådet endra i oktober 2010 namn til Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF), medan det statleg oppnemnde fagrådet beheld namnet Bunad- og folkedraktrådet (BFR). Dette vart gjort for å forenkle formidlinga av instituttets arbeid.

NBF har store dokumentasjonssamlingar og arkiv som er staten sin eigedom. Dette overleverast Riksarkivet ved behov. Vi har framleis plass og behov for å ha dette på Fagernes. NBF har valt å halde fram med same rutinar ang post og arkivering som tidlegare.

Avtalen frå 2008 mellom Valdresmusea og Kulturdepartementet seier mellom anna at NBF skal arbeide for å framme, verne og vidareføre bruk og tilverking av dei norske bunadene, som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særsegne kvalitetar. NBF skal dessutan dokumentere og fremje kunnskap om eldre folkeleg draktskikk, som grunnlag for dagens bunader.

Avtalen mellom Valdresmusea og KUD inneber følgjande delmål for institusjonen:

- Sørge for sikring, lagring, formidling, utvikling og vedlikehald av **dokumentasjonssamlingane**
- **Formidle kunnskap** frå arbeidet og om fagfeltet
- Vidareføre og vidareutvikle arbeidet med å **gje råd** om og stimulere til auka forståing for tradisjonell draktskikk som utgangspunkt for norsk bunadtilverking.
- Vere **sekretariat** for det statleg oppnemnde Bunad- og folkedraktrådet.

Staten ved NBF har no i 70 år arbeidd med å dokumentere bunad- og folkedraktmaterialet i Noreg. Den nasjonale kartlegginga av norsk draktskikk er i global samanheng eit eineståande arbeid og gir eit unikt materiale for forskning og ei vidareføring av den norske, allmenne bruken av bunad.

ADMINISTRASJON

ADMINISTRASJON

Ole Aastad Bråten, direktør Valdresmusea as.

Tove Stubbene, økonomi og personaleiar Valdresmusea as.

Camilla Rossing, leiar NBF

NBF nyttar museet sine vaktmeistrar, reinhaldarar og handverkarar etter behov

ØKONOMI

Økonomisk ramme for 2017 har vore løyvinga frå Kulturdepartementet på kr 4.146.996,- , kr. 103.979,10,- i prosjektmidlar, samt 48.060,80 egne inntekter. Den totale ramma i 2017 var slik **kr. 4.322.579,67,-** . (Inkludert kr. 23.543,77,- til bygging av magasin frå 2016)

Kontorsjef fører no rekneskap for Valdresmusea (VM). NBF har 20% av denne stillinga. NBF har eige budsjett der instituttleiar har budsjettansvar og syter for attestasjon av alle fakturaer, refusjonskrav, reiserekningar m.m. for betaling. Direktør ved VM attesterer for instituttleiar sine reiserekningar. I rekneskapen er ein del postar spesifikke, medan ein del er prosentvis fordelt på NBF og resten av Valdresmusea. NBF har i 2017 hatt dei største kostnadane sine til KLP, feltarbeid og datatenester levert av KulturIT. Personalkostnadane utgjer om lag 70 % av totalbudsjettet. Auke frå tidlegare år kjem i hovudsak av at kostnadar knytt til føring av rekneskapen no går over personalbudsjettet. Alle dei fagtilsette i staben har vore på jobb gjennom året utan permisjonar.

Tilsette ved NBF i 2016

NAMN	STILLINGSTITTEL	ARBEIDSTITTEL
Camilla Rossing	Amanuensis 100 %	Leiar
Ragni E. Nilsen	Amanuensis 100%	Konservator
Solveig Strand	Amanuensis 100%	Konservator
Kristin Gulbrandsen	Førstekonsulent 100 %	Fagkonsulent
Bodil Enger	Førstekonsulent 50 %	Fagkonsulent
Randi Flatin	Konsulent 50%	Arkivkonsulent

Ragni Engstrøm Nilsen er i 2017 vald som verneombod ved Valdresmusea.

Ekstrahjelp

Solfrid Trydal: Arbeidd på prosjekt i 2017, totalt tre dagar.

Samarbeid med frivillige:

Maria Lund (pensjonist) ein halv dag kvar veke arbeidd med skanning av fotoarkivet og anna.

Margunn Søyland Nesbakken (pensjonert bibliotekar) har arbeidd om lag 3 halve dagar i veka.

MÅL, UTFORDRINGAR OG SATSINGSOMRÅDE

I 2017 har instituttet arbeidd godt med både samlingsforvaltning, forskning og nettverksarbeid. Dette er vedtekne og prioriterte satsingsområde i langtidsplanen (2015-2018) for NBF.

Samlingsforvaltning

i 2015 sette ein ned ei arbeidsgruppe i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil, for å utarbeide ein ny nomenklatur for registrering av drakt og tekstil i PRIMUS til bruk i norske museum. Arbeidsgruppa hadde sine to fyrste møter i 2016, kor det vart lagt ein treårig plan for arbeidet med nomenklaturen. I oktober 2016 vart det søkt Kulturrådet om prosjektmiddel, og nettverket fekk 150.000,- kr. til dette arbeidet i 2017. I 2017 hadde gruppa tre møter, samt eit kurs saman med KulturIT og Ulf Bodin, om KulturNAV. NBF ynskjer å halde fram dialogen med KulturIT i 2018, og søkje programmidlar hjå Kulturrådet i juni og det vidare arbeidet med nomenklaturen.

Forskning

Auka fokus på forskning er naudsynt om arkivsamlingane ved instituttet skal skapast om frå fakta til ny kunnskap, og leggje grunnlaget for nye utstillingar, foredrag og vitenskaplege artiklar.

- NBF har i 2017 skrive fleire rapportar knytt til feltarbeid og rekonstruksjonsprosjekt. Desse rapporta gir eit viktig innsyn i dokumentasjonsarbeidet, og gjer arkivsamlingane lettare tilgjengeleg for brukarane.
- I 2017 har instituttet haldt fram si deltaking i Valdresmusea sitt forskingsprosjekt Manifest, der ein undersøker kvifor ein i Sverige og Noreg har så ulike syn på den folkelege tradisjonskulturen. Utstillinga «Fargerikt fellesskap og kvitt raseri» opnar våren 2018.
- NBF har og satt i gong eit nytt forskingsprosjekt, som skal undersøke primærkjelder for informasjon om folkeleg draktskikk i områda rundt Oslofjorden.
- NBF er invitert inn i eit forskingsprosjekt med Santa Fe International Museum of Folk Art i New Mexico i USA. Prosjektet skal munne ut i ein artikkel til utstillingskatalog og utstillingsstekst i 2019.

Nettverk og fornying

Norsk institutt for bunad og folkedrakt har som mål å styrke nettverksarbeid og dialog med andre relevante aktørar på feltet. Dette er viktig for nå nye brukargrupper og for å kunne inngå meningsfulle samarbeid. NBF har allereie inngått samarbeid om Fagdagan og har nav-ansvaret i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil. Både desse oppgåvene har vore viktige møteplassar, og har gjort instituttet sitt arbeid kjent for langt fleire enn før. Sida 2015 har NBF også vore med i det så kalla Instruktørnettverket for Immateriell kulturarv i Noreg, saman me sentrale aktørar på feltet. Dette arbeidet har vore særskilt interessant, og er eit nytt felt for instituttet. Det er mål at instituttet skal virke som aktive instruktørar og foredragshaldarar på emnet.

Våren 2016 vart NBF, ved Camilla Rossing, invitert til å sitte i UNESCO sin evalueringskomité for Nord-Amerika og Europa, saman med Norsk Handverksinstitutt. Dette er ein av 6 komitear verda over, som evaluerer søknader til dei internasjonale IKA - listene. Ein slik kjennskap til og erfaring med Unescosystemet og «the Evaluation Body», samt dei årlege mellomstatlege møta, sett NBF i ei særstilling i norsk kulturarvsarbeid. NBF har eit sete i komiteen ut 2019.

FORVALTNING OG DOKUMENTASJON

I tillegg til feltarbeid har fokus i 2017 vore på å omstrukturere samlingane og flytte dei ulike gjenstands-gruppene til betre egna rom og magasin. Dette sikringsarbeidet har også omfatta i 2016 ei delvis ombygging av instituttet sine lokal, og med nye lokal og ei betre organisert samling og arkiv, er instituttet no i stand til å arbeide meir effektivt med både forvaltning, forskning og formidling.

ARKIV OG SAMLINGAR

NBF har eit stort arkiv av registrerte draktplagg frå heile landet, om lag 80.000. Størstedelen av desse plagga er i privat eige, og ein mindre del i museumseige. Folkedraktmaterialet står sentralt i dokumentasjonsarbeidet, men også plagg prega av folkeleg mote er viktige å registrere. NBF registrerar også eldre bunader der ein finn det relevant, for å dokumentere ei 150 år lang bunadshistorie.

NBF forvaltar eit omfattande mønsterarkiv som inneheld både originalmønster, graderte mønster, skisser, vev- og broderimønster og saumforklaringar frå folkedraktplagg over heile landet.

NBF har ei draktsamling med nyare modellbunader frå ulike rekonstruksjonsprosjekt. Det er ei målsetjing at NBF skal ha modellbunadar frå alle rekonstruksjonar som er utført i samarbeid med instituttet, i tillegg til enkelte andre, relevante bunader. NBF har også ei samling av gamle draktplagg, sko, draktmetall og så vidare til bruk i undervising og det faglege arbeidet elles.

NBF skal til ei kvar tid ha eit oppdatert stoffarkiv til bruk i rådgjevingsarbeidet vårt, samt som ein dokumentasjon på utviklinga i norsk tekstilindustri.

NBF har ei biblioteksamling som til ei kvar tid skal innehalde det meste av relevant draktfagleg litteratur. Biblioteket er tilrettelagt som eit studiebibliotek for brukarar/studentar, og er elles eit viktig verktøy i det faglege arbeidet ved NBF. Biblioteksamlinga er registrert i programmet Bibliofil gjennom eit samarbeid med Nord-Aurdal folkebibliotek. (Ein fekk i 2015 ein eigen brukar i Bibliofil for NBF.) Arbeidet har gått føre seg i fleire år og vert gjort på frivillig basis.

Oversyn arkiv og samlingar ved NBF

- Primus: Databasesystem for registrering av gjenstandar og foto
- Kortarkiv: Registreringskort frå feltarbeid fram til 2008
- Fotoarkiv: Filmnegativar, lysbiletearkiv, og digitalt fotoarkiv
- Mønsterarkiv: Avteikna mønster og saumforklaringar av folkedraktplagg og bunader frå ulike delar av landet
- Kjeldearkiv: Skiftemateriale, ymse publisert og upublisert kjeldemateriale om eldre draktskikk/ bunadshistorie
- Diverse innkomne private arkiv
- Korrespondansearkiv: Korrespondanse på faglege spørsmål og kontakt med fagmiljøet frå verksemda var oppretta
- Rekonstruksjonsarkiv: Bearbeida og systematisert empirisk materiale, samt analyser og tolkingar i samband med rekonstruksjonsprosjekta
- Mediarkiv: Omtale av bunad og folkedrakt i media
- Stoffarkiv: Stoffprøver frå inn- og utland

- Bibliotek: Faglitteratur som omhandlar bunad, folkedrakt, motehistorie, generell kulturhistorie, tekstilhandverk, sko, draktmetall osv., samt studentoppgåver (197 stk. pr. 31.12.15)
- Gjenstandssamlinga: Modellbunader, andre bunader, eldre folkedraktplagg, sko, draktmetall og Flugon-Benes' sylvsamling.

FELTARBEID OG ANNA TILVEKST TIL SAMLINGANE

I samband med nasjonal kartlegging av eldre draktskikk i Noreg har NBF i 2017 gjennomført fem feltarbeid av ulik storleik. Det gode samarbeidet med lag eller institusjonar i lokalmiljøet er avgjerande for at feltarbeida blir vellukka. Ei veker feltarbeid i mars i Hordaland vitja tre draktområder, Hardanger, Røldal og Kvinnherad, og gav eit kjempetilfang på 870 registreringar. Dette er det fyrste feltarbeidet NBF har gjort i Hardanger, og er å betrakte som eit viktig gjennombrøt.

Gjennomførte feltarbeid i 2017:

- | | |
|---------------------------|---|
| • Hardanger, Utne | Agnethe Sivertsen, Hardanger folkemuseum |
| • Røldal | Gunvor Øvregård, Røldal husflidslag |
| • Kvinnherad, Omvikdalen | Kari Fedt Haugsbakk, Omvikdalen bygdekvinnelag |
| • Trysil | Marit Odden |
| • Troms, Rolløy og Grytøy | Petra Mari Linaker, Husflidskonsulent i Troms |
| • Vest-Telemark, Vinje | Björg Krossbakken og Åse Bratland, Vinje handverkslag |
| • Gudbrandsdalen, Vågå | Edda Ane Stubberud |

Totalt utgjer dette 2246 registreringar.

Registreringsarkivet:

- | | | |
|-----------------------------|---------------------|----------|
| • Hardanger, Utne | 13. – 17. mars | 459 reg. |
| • Røldal | 15. mars | 85 reg. |
| • Kvinnherad, Omvikdalen | 16. mars | 326 reg. |
| • Trysil | 24. – 27. april | 238 reg. |
| • Troms | 11. - 14. september | 140 reg. |
| • Vest-Telemark | 25. – 29. september | 509 reg. |
| • Gudbrandsdalen, Vågå | 9. - 13. oktober | 210 reg. |
| • Registrert på instituttet | heile året | 279 reg. |

Total tilvekst pr. 31.12.2017

2246 reg.

Totalt registrerte plagg ved NBF i Primus

80 413 reg.

Registrering, foto

Det vart teke 6537 fotografi i 2017. Totalt har NBF 307 419 dokumentasjonsfoto i samlinga. Hausten 2017 har ein tatt i bruk programmet Adobe Lightroom til redigering av bilete. Programmet lettar etterarbeidet og kan gje betre resultat.

Mønsterarkiv

Mønsterarkivet inneheld totalt 1136 mønster. Tilveksten i mønsterarkivet i 2017 er på 15 mønster (inkl. 6 vevanalyser):

Sør-Østerdalen	Kjole (b, j)
Gudbrandsdalen	Stoffbit, vevanalyse Stoffbit, vevanalyse Stakketøy, vevanalyse Livstakk, vevanalyse Livstakk, vevanalyse Livstakk, vevanalyse
Valdres	Liv (k) Trøye (k) Hette, broderimønster Sjal
Hallingdal, nedre	Liv (k)
Hallingdal, øvre	Belte (k), broderimønster
Nordland, Bindal	Trøye (m) Trøye (m)

Stoffarkiv

I 2014 og 2015 vart det gjennomført ei stor opprydding i stoffarkivet og ein har arbeidd med arkivering av tidlegare innkomne stoffprøver. I 2017 har nye prøver blitt bestilt og arkivert. NBF får svært mange henvendingar om stoffkvalitetar og produsentar av visse stoff, i og med at stadig fleire fabrikkar legg ned produksjonen. Ein koordinert kommunikasjon mellom bunadtilverkarar og stoffprodusentar via instituttet kjem både partar til gode.

Modellbunader og draktsamlinga

Pr. 31.12.17 har NBF 66 modellbunader, 8 folkedrakter og ein god del enkeltplagg. Totalt tal på plaggdelar i draktsamlinga er no 997 enkeltplagg. Tilvekst i 2017 var 10 gjenstandar, ein tidleg Numedal mannsbunad og 3 enkeltgjenstandar. Alle var gåver.

Leif Flugon og Irmelin Benes' samling

NBF fekk i september 2016 ei draktsylvsamling i gåve frå Leif Flugon og Irmelin Benes. I 2017 gav Leif Flugon ytterlegare 21 gjenstandar til instituttet, mellom anna eit brudebelte frå Telemark. Flugonsamlinga omfattar no 444 gjenstandar.

Biblioteket

NBFs bibliotek omfattar om lag 6000 bøker, tidsskrift og småskrift. Dette talet er anslag på grunn av at den store tilveksten frå 2016 på 2776 titlar ikkje er ferdig registrert. Største delen av denne tilveksten var gåva frå Aagot Noss, ei boksamling på 2987 titlar i alt. Tilveksten har i 2017 vore på 138 nye bøker, tidsskrift og småskrift. Av dette er 119 gåver og 19 innkjøpt. Til no er 4015 titlar lagt inn i Bibliofil. Instituttet har per 31.12.17 26 DVD-ar.



Foto frå utstilling av Leif Flugon og Irmelin Benes samling, sommaren 2017.

SAMLINGSFORVALTNING, DIGITALISERING OG SIKRING

Primus, Digitalt museum og KulturNav

Alle registreringane til NBF vert innførte i samlingsforvaltningssystemet Primus, som er drifta og utvikla av KulturIT. Primus er inne i ei tid med store endringar og utvikling av nye løysingar. I tida framover vil instituttet gå over til å bruke Primus 7 med webgrensesnitt i tillegg til vanlig bruk av Primus winkleint. Primus 7 vart utrulla til Valdresmusea i 2016, men først i 2017 er så mange funksjonar på plass at NBF kan ta webklienten i bruk. Hausten 2017 har NBF tatt i bruk lister frå KulturNav inne i Primus, til dømes aktørnamn frå det norske fotografregistret. KulturNav er ein samarbeidsløysing for fagterminologi som opne, lenka data.

Nettsida Digitalt museum er fellesløysingen for publisering av samlingar registrert i Primus. I 2017 vart det publisert 424 registreringar frå NBF på Digitalt museum. Totalt er no 7506 registreringar publisert. NBF les korrektur på alle registreringar før publisering.

For at Primus skal bli eit godt verktøy i arbeidet vårt er me avhengige av å få lagt inn bilete til alle registreringane. Det har sidan 2005 vore prioritert å digitalisere alle gamle filmnegativar og lysbilete, og å leggje desse inn i Primusdatabasen. NBF sine negativar er ferdig scanna. Scanning av lysbilete pågår, og utførast av frivilljuge. Tilveksten på skanna lysbilete i 2017 er 660. Det står att 7410 lysbilete som ikkje er skanna.

I 2010 vart 63298 registreringar konvertert frå Cardbox til Primus. Det er mykje etterarbeid etter denne konverteringa. Som eit ledd i denne oppryddinga vart det i 2015 starta ein systematisk gjennomgang av det gamle kortarkivet. Dette arbeidet har ikkje vore gjort etter april i 2016, både på

grunn av ombygging og omskifting i staben. Det er likevel eit viktig arbeid, som fortsett i 2018. Slik får vi oppdatert Primus med foto, skisser, nemningar og anna informasjon som ikkje vart med i konverteringa, og dobbeltregistreringar vert slått saman. I tillegg vert nomenklaturen langt meir utfyllande med nye omgrep og dialektord.

Nomenklatur

NBF sin nomenklatur over drakt- og tekstilomgrep tek utgangspunkt i NBF sitt innsamla materiale gjennom feltarbeid, i kombinasjon med kjeldestudier av drakthistorisk litteratur.

Sidan 2016 har Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil hatt ynskje om å arbeide vidare og breiare med nomenklaturen, samt innlemma eit tidlegare arbeid frå Sverresborg og Norsk folkemuseum. Dette er utgangspunktet for at NBF frå 2016 leiar ei arbeidsgruppe i nettverket. Medlemmane er Sverresborg folkemuseum under MIST, Nord-Østerdalsmuseet under Anno, Norsk folkemuseum og Osterøy museum under MUHO.

I 2017 hadde arbeidsgruppa tre møter på Norsk Folkemuseum der den samanlagte nomenklaturen har blitt gått gjennom, ord for ord. Arbeidet i 2017 vart tilgodesett med 150.000,- kr. frå Norsk Kulturråd. Hausten 2017 hadde arbeidsgruppa eit eige kurs om KulturNav med Ulf Bodin frå KulturIT. Det er eit mål at NBF no skal arbeide vidare med nomenklaturen i KulturNAV. I denne plattformen kan både medlemmar i arbeidsgruppa, og andre i nettverket kome med kommentarar og spørsmål til nomenklaturen.

Sikringsarbeid

Sikringsarbeidet ved NBF fylgjer sikringsplanen som vart utarbeidd saman med Valdresmusea i 2014. Her under ligg også ein evakueringsplan, og ros-analyse med tiltaksplan som reviderast kvart år. Samlingsansvarleg representerer NBF i sikringsgruppa ved Valdresmusea, som møtast kvar måned.

Mønsterarkivet og kjeldearkivet ved NBF er uerstattelege, og difor ein viktig del av sikringsplanen. Me er i ferd med å digitalisere desse. Digitalisering vil sikre materialet, samt kunne gjere det meir søkjebart og brukarvenleg.

Samlingane ved NBF inneheld privatarkivmateriale etter sentrale aktørar innafor bunad- og draktforskning i Noreg. Fagområdet er sparsamt dokumentert og skildra, og materialet hjå instituttet bør bli meir tilgjengeleg for forskning og formidling. NBF ser òg at privatarkiva treng ytterlegare kartlegging, ordning og sikring. Difor søkte instituttet hausten 2017 om tilskot frå Riksarkivets prosjekt- og utviklingsmiddel for arkivsektoren, og fekk tilsegn om kr 150.000. Målet for prosjektet er å sikre privatarkiva for framtida og publisere dei på Arkivportalen. Prosjektet går over to år, og omfattar etablering av NBF som depotinstitusjon hos Asta/Arkivportalen, ordning av privatarkivmaterialet, registrering av arkiva i Asta og at fotografisk materiale vert digitalisert.

Sikringsmiddel

I desember 2015 fekk Valdresmusea eit eingongstilskott frå Kulturdepartementet til sikring av staten sine samlingar og vidareutvikling av Norsk institutt for bunad og folkedrakt sine lokalar ved Valdres Folkemuseum på Fagernes. I avtalen mellom Valdresmusea og Kulturdepartementet heiter det i punkt 3.1.f at Valdresmusea skal syte for lagring og sikring av staten sine eigedomar.

Med tilskottet har det vore mogleg å legge forholda til rette for god sikring av samlingane. Med tilskottet har ein etablert ny publikumssone og internsone og skilt arkiv-, magasin-, mottaksrom ut i egne soner. Her er det særskilte krav til reinhald og handtering av historiske drakter. I

publikumssonen er det etablert studiebibliotek, besøksarkiv, studieplass med PC, resepsjon og kontorlokale for dei tilsette. I 2017 har samlingsansvarleg Ragni Engstrøm Nilsen brukt mykje tid på å rydde og sortere samlingar, og sørge for betre oppbevaringsforhold.

Eit lite restbeløp frå eingongstilskottet på snaue 25 000 kroner vil i 2018 bidra til ferdigstilling av magasin for antikvariske draktplagg.



Køyrestøvlar i skinn med pels, frå Sør-Valdres (NBF2017-0001).

FORSKING OG FAGLEG FORDJUPING

NBF har som mål at rådgjevings- og formidlingsarbeidet ved instituttet skal vera basert på grundige faglege undersøkingar og gjerast med utgangspunkt i NBF sine samlingar. Tid og rom for denne typen fagleg arbeid er naudsynt om arkivsamlingane ved instituttet skal skapast om frå fakta til ny kunnskap, og slik danne grunnlag for nye utstillingar, rekonstruksjonar av plagg og vitskaplege artiklar.

Arbeidsåret 2017 har vore prega av dei ulike forskingsprosjekta, i tillegg til rekonstruksjonar og rapportar etter feltarbeid. I tillegg har dei tilsette ved instituttet starta arbeidet med ny fast utstilling.

REKONSTRUKSJON

Ein stor del av det kulturhistoriske forskingsarbeidet ved NBF er knytt til rekonstruksjon av eldre draktmateriale. Dette arbeidet blir utført i samarbeid med personar i det området drakta er ifrå, og gjev lokalmiljøet eit naudsynt eigarskap til arbeidet. Ofte fører ein rekonstruksjon fram til utvikling av ein ny bunad som blir sett i produksjon lokalt, og den skapar slik arbeidsplassar i nærmiljøet.

Ein rekonstruksjon inneber i fyrste rekkje feltarbeid i dei aktuelle områda, som gjer ei oversikt over det bevarte drakttilfanget. I tillegg blir andre kjelder som fotografi, måleri, litteratur, munnleg tradisjon og mote -og stilhistorie studert. Desse kan seia noko om når/ kva høve plagga vart brukt og korleis dei vart brukt. Det er òg viktig å finne ut av handelsveggar, næringsveggar og kontakt med andre bygdelag, og samanheng med kledeskikkane i områda rundt. Deretter blir det utført ei nøyaktig kopiering av draktplagg som høyrer saman frå same stad og same tidsperiode. NBF tilbyr opplæring, rådgjeving og til slutt ei vurdering av den tekniske utføringa av arbeidet sett i samanheng med kjeldematerialet som er lagt til grunn. Heile rekonstruksjonsprosessen går gjerne over fleire år før både rapport og vurdering av oppsydd prototyp er ferdig.

Rekonstruksjonsarbeid i 2017

Østfold, mannsbunad frå fyrste del av 1800-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 2008. Det er Gilland-Design i regi av Østfold Bygdekvinnelag som utfører det praktiske arbeidet med rekonstruksjonen. Det er i 2017 ikkje levert inn plagg til vurdering, men ein har hatt eitt rådgjevingsmøte.

Østfold, kvinnebunad frå slutten av 1700-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 2008. Det er Østfold Husflidslag ved Kari Filberg som har utført det praktiske arbeidet med rekonstruksjonen. Rekonstruksjonsprosjektet vart avslutta i 2015, óg ein har skrive rapport om drakttilfanget frå Østfold. Ein har i 2017 arbeidd med å finne vevarar som kan veve eit rekonstruert stoff etter den stripe stakken i ullverken.

Sør-Valdres, kvinnebunad fyrste del av 1800-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 2010. Det er Asta Karin Kampen som utfører det praktiske arbeidet med rekonstruksjon. NBF har i 2017 utarbeidd eit broderimønster for å rekonstruere eit sjal med tambursaum til bruk med bunaden. Dette er overlevert Asta Karin Kampen for produksjon.

Gudbrandsdalen, mannsbunad frå siste del av 1700-talet

Dette arbeidet er ein revisjon av tidlegare rekonstruksjonsarbeid med fråsegn frå 1983. I 2017 har fagkonsulent Kristin Gulbrandsen arbeidd med mønster, mellom anna avteikning av ermevest og brystduk på Maighaugen, samt ei knebrok på NBF. Desse er overlevert Edda Ane Stubberud for produksjon. NBF har også analysert 15 ulike rutastoff og råndastoff, som også er levert til Stubberud.

Rekonstruksjon, ullkvalitetar

I 2014 tok Gudbrandsdalens Uldvarefabrikk (GU) kontakt med NBF i forhold til rekonstruksjon av ulike ullkvalitetar som er nytta i eldre draktskikk. NBF utarbeida ein rapport med vevanalyser av dei ulike kvalitetane som dei hadde ynskje om å arbeide vidare med i 2015. Dette prosjektet vart førebels lagt på vent då GU kjøpte opp Mandal Veveri sin produksjon av bunadstoff hausten 2015. GU ynskjer å kome attende til dette prosjektet når dei får tid og økonomisk rom til det.

Rogaland, kvinnebunad frå siste del av 1700-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 1980, instituttet har vore deltakande i prosjektet frå 1997. Arbeidet vart den gong ikkje levert inn til vurdering då dei mangla godt nok grunnlag for hovudplagg til drakta. I 2015 tok bunadnemnda kontakt med NBF med ynskjer om ei slutføring av prosjektet. I 2017 er rekonstruksjonen slutført, og det er skreve rapport frå draktområdet, samt gitt fråsegn til den lokale arbeidsgruppa for godt utført arbeid.

Øvre Hallingdal, kvinnebunad tidleg 1800

Oppstart i 2017 med gjennomgang av materiale saman med produsent, i perioden 1819-1830. Tre grupper arbeider no parallelt, Husfliden Gol, Anne Marit Nerol og Guri Espeland, samt Janette Ulvedalen.

Østerdalen kvinne

I 2017 har ein hatt fleire samtalar/rådgeving med tanke på framskaffing av skiftemateriale. Gruppa har bestilt transkribering av skifter på Statsarkivet, Hamar. Bunadnemnda har fått støtte til dette av kommunen i Rendalen.

Fusa kvinnebunad

Husfliden Norsk Flid Bergen har kjøpt opp produksjonen av rekonstruert kvinnebunad frå Fusa. Tidlegare eigar var Elsa Bodil Gjøen. Husfliden og NBF har gjennomgått alle kjeldearkiv saman, og NBF har utlevert nye mønster til bruk i produksjon.

Øvre-Valdres kvinnebunad

Husfliden Norsk Flid Fagernes har ynskje om å starte opp med produksjon av bringedukklede frå Øvre-Valdres. Husfliden og NBF har gjennomgått ulike kjeldearkiv som omhandlar kleda, og har vidare arbeidd med opplæring i saum og mønster for nokre av plagga.

Hedemarken kvinnebunad

Husfliden Norsk Flid Hamar har så smått starta opp eit lite prosjekt som omhandlar halvermar. Dette for å komplettere den rekonstruerte kvinnedrakta frå Hedemarken.

Solør/Odal mannsbunad

Fjellrypa Products as har teke kontakt med NBF, med tanke på produksjon av rekonstruerte mannsklede frå Solør/Odal, frå siste del av 1700-talet –seinrokko. Dei ynskjer eit tett samarbeid med NBF, med tanke på kjelder og mønster. Rekonstruksjonen er enno ikkje lagt fram for instituttet, med tanke på vurdering av kjelder og ferdigsydde kopiar.

FORSKINGSPROSJEKT

Boksamarbeid med Museum Nord

Instituttet vart i 2015 invitert av Museum Nord til å bidra i eit bokprosjekt om væreigar- og handelsfamiliar i Nordland. Ei særleg oppgåve for instituttet var å registrere museet sine samlingar i eit drakthistorisk lys. I 2016 var instituttet difor på feltarbeid på Ørnes, Kjerringøy, Gildeskål og Meløy bygdemuseum med særleg fokus på klesskikk i ulike lag av befolkninga. I tillegg har Kristin Gulbrandsen ved NBF arbeidd med ein oversikt over historiske tekstilomgrep, som er uvurderleg i arbeid med skriftlege kjelder (til dømes importlister, skifter mm). Det har ikkje vore arbeida med dette prosjektet i 2017, etter avtale med Museum Nord. Det er derimot avtalt registrering av Bruun-samlingen på Melbu Museum i 2018, i samband med prosjektet.

Manifest

Instituttet vart i 2015 med i Valdresmusea sitt prosjekt Manifest, som er ei fortsetting av eit tidlegare prosjekt om folkemusikk og nasjonalisme. I prosjektet skal ein undersøkje kvifor ein i Sverige og Noreg har så ulike syn på ein folkemusikk- og bunadpraksis. Prosjektet skal resultere i ei utstilling ved Valdres Folkemuseum i 2018. Konservator Solveig Strand ved NBF er med i museets arbeidsgruppe. Hennar fokus er ein komparativ studie av bruk av bunaden som eit politisk symbol i dei to landa.

Draktskikk på Austlandet, ei kjeldstudie

Konservator Solveig Strand har i 2017 starta undersøkingar i draktskikken i området rundt Oslofjorden og undersøker korleis dette området har vore formidlarar av moteimpulsar frå utlandet, til dei øvre stendene og vidare til bøndene. Dette prosjektet tek arbeidet vidare frå etableringa av omgrepet «folkeleg mote». Målet er å forske fram ny kunnskap om forholdet mellom motedrakt og folkedrakt i det før-industrielle Noreg. Solveig leverte rapport frå Østfold i desember 2017.

Headdress and Hijab: Identity and Gender in Norwegian Bunad

Leiar Camilla Rossing vart i 2015 kontakta av kurator Carrie Hertz ved Santa Fe International Museum of Folk Art i New Mexico, USA. Ho arbeider med eit utstillingsprosjekt om skandinaviske lands bruk av bunad og nasjonaldrakter. Camilla er invitert til å skrive eit kapittel i ei bok som skal gis ut parallelt med utstillinga, i 2020. Kapittelet har fokus på nordmenn sitt forhold til bunad i dag, og til hovudplagg spesielt. Artikkelen spør òg om korleis bunaden kan brukast som eit middel for inkludering eller utestenging av nye folkegrupper i eit moderne, urbant og flerkulturelt samfunn. I 2017 er det skriva ein prosjektbeskriving og gjort forarbeid til studieturar i Noreg sommaren 2018, for Carrie Hertz. Kapittelet skal være ferdig juni 2018.

Publiserte artiklar i 2017:

- «The Norwegian Institute of Folk Costume and fieldwork»: Foredrag av Camilla Rossing, som ho heldt i Vilnius i Litauen vinteren 2017. Ei draktforeining i Litauen inviterte til seminar og dekkja reise og opphald. Foredraget vart seinare same vinter publisert i eit litauisk tidsskrift.
- «Sylvsamlinga etter Leif Flugon og Irmelin Benes»: Artikkel i Bunad-magasinet, av Ragni Engstrøm Nilsen ved instituttet.

RÅDGJEVING, UNDERVISING OG FORMIDLING

NBF arbeider med dokumentasjon, forskning og formidling på det folkedrakt- og bunadfaglege feltet, og har som mål å drive både praktisk og teoretisk formidling på vidaregåande og universitetsnivå.

Formidling av tekstilhandverket har ein særskilt prioritet: Tradisjonshandverk har som kjenneteikn manuelt arbeid og handlingsboren kunnskap. Vi ser i dag at det tradisjonelle handverket og kunnskapen om tradisjonelle material er i ferd med å forsvinne frå vår kulturarv.

RÅDGJEVING

NBF sin fremste funksjon er å vere ein rådgjevande instans på det bunad- og folkedraktfaglege feltet. Henvendingar til NBF i 2017 har omhandla påkledning, bevaring og behandling av bunaddelar, kvar ulike draktdelar kjem i frå og kven som produserer dei ulike bunadane rundt om i landet. Bunadsprodusentar og -brukarar, studentar og forskarar, har tinga faglege rettleingsbesøk.

Den største delen av rådgjevingsarbeidet har vore i forbindelse med rekonstruksjonsprosjekta som NBF er involvert i. Dette rådgjevingsarbeidet dekker eit svært breitt spekter av faglege områder, det kan vere stoffkvalitetar, broderigarn, mønstertilpassing og gradering, medan andre treng praktisk rettleiing i samband med ulike handverksteknikkar.

UNDERVISING

Drakt og samfunn

NBF har sida 2001 drive universitetsfaget Drakt og samfunn, i dei siste åra i samarbeid med NTNUVidare. Ei særleg utfordring som oppsto i 2015 var at NTNU ikkje lenger var i stand til å organisere studietilbodet Drakt og samfunn, etter ein omfattande tilsynsprosess av NOKUT. Hausten 2016 vart eit nytt utkast til Studietilsynsforskrifta sendt ut på høyring. Her er det kome fleire endringar som opnar for at mindre fag kan kome forbi regelen om 50% tilsetning. NBF vil i 2018 halde fram arbeidet med å undersøkje nye moglegheiter for faget.

Bunadopplæringa

Bunadopplæringa består av seks modular som blir gjennomført over tre år. Innhaldet i modulane er bygd opp kring læreplanen i Bunadtilverkarfaget VG3 /opplæring i bedrift. Kursrekkja kan inngå som eit grunnlag for å gå opp som privatist i faget og vera ein del av eit løp til sveinebrev. Bunadopplæringa er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag og Studieforbundet kultur og tradisjon. NBF tilbyr kompetanse og tenester for bunadsopplæringa ved behov. I 2017 har det ikkje vore noko behov for samling 2, men NBF har delteke på kurslærarsamling.

FORMIDLING

Utstilling

Tema for fagdagane 2017 var sylv, og til arrangementet i august opna instituttet ei temporær utstilling om draktsylv frå Leif Flugon og Irmelin Benes samling. Utstillinga stod i peisestova frå august til utgongen av november. Det eldste draktsylvet i samlinga blei vist fram i denne utstillinga, og det vart òg henta fram eitt breitt tilfang av ulike søljer for å syne mangfaldet innafor norsk bondesylv.

NBF har som mål at ein skal ha gode, faglege og relevante utstillingar til ein kvar tid. Frå hausten 2016 har NBF og Valdresmusea starta planlegging av ei ombygging av museets utstillingsareal. I 2017 vart det gjort avtale med arkitektkontoret Snøhetta om utarbeiding av nye utstillingsrom på Valdres Folkemuseum. Heile området som i dag dekker utstillingane til NBF, samt rom for skiftande utstillingar, studiesenter og garderobe/toalett, skal byggast om. I dei nye lokala skal det bli garderober for sommartilsette, studiesenter, og tre utstillingsrom. NBF får det eine rommet til si faste utstilling, VM får eit til si faste utstilling, og eit rom på deling for skiftande utstillingar. I 2017 har ein utarbeidd ei prosjektskisse over den nye utstillinga, og byrja arbeidet med å utarbeide teikningar i samarbeid med Snøhetta. NBF si nye, faste utstilling skal stå klar våren 2019.

Oktober 2017 vart heile den faste utstillinga om bunadshistoria og folkedrakt tatt ned. Den temporære utstillinga Symbol vart òg tatt ned på same tid.

Media

NBF opplever ein særleg stor pågang frå media i vekene før 17. mai, samt lokalt i samband med feltarbeid. 2017 var eit år med særleg stor pågang frå media. Nokre hovudpunkt:

- VG hadde ein storsatsing på bunad og bunadproduksjon i mai 2017. NBF vart intervjuet i fleire omgangar og vart nemnd i syv av ti artiklar. NBF vart dessutan rådført i forkant av VG sitt intervju med kulturminister Helleland om bunad.
- NBF ved Bodil Enger vart intervjuet i ein artikkel på NRK sin nettstad om utanlandske element i folkedraktene. Magny Karlberg si nye bok vart også nemnd.
- 16. mai: Leiar Camilla Rossing i studio med NRK P2 i programmet Dagsnytt Atten, om Husflidanes sal av materialar til bunad.
- 15. mai: Adresseavisa intervjuet mellom andre NBF om bunad og identitet mht. nye fylkesgrenser.
- «På skattejakt i klesskapet.» Reportasje frå NRK, under feltarbeid i Vest-Telemark hausten 2017. Bodil Enger intervjuet.

Nettsider og sosiale media

NBF har gjennom året jamt oppdatert nettsidene sine og slik formidla feltarbeid, arrangement og andre relevante saker for alle interesserte. Det har vore jamn trafikk på sidene. På Facebook er særleg oppdateringar frå feltarbeid svært populært.

Nettsidene til NBF vart oppretta i 2010 og NBF har vore godt nøgde med dei. I dag er dei diverre utdatert og bør oppgraderast. Hausten 2016 hadde NBF og Valdresmusea felles møter om nye nettsider, i samarbeid med KulturIT. Det vart her bestemt at NBF og Valdresmusea skal ha felles nettsider i form av «Museum 24» i samarbeid med KulturIT. Nye nettsider skal vere på plass i løpet av 2018.

Omvisingar

Ulike interessentar som t.d. institusjonar, lag og foreiningar ynskjer frå tid til anna omvising og orientering i NBF sitt arbeid, samt bunadsutstillinga. NBF har hatt 9 slike besøk i utstillingane i 2017.

Gjennom sommaren tek omvisarane ved museet ansvaret for dei aller fleste omvisingane i NBF si bunadutstilling. I tillegg kjem alle andre turistar, totalt om lag 40 000 besøkande gjennom året. Camilla Rossing og Kristin Gulbrandsen deltok i 2017 med opplæring av nye guidar i bunadsutstillinga på museet sitt «Omvisarseminar».

DELTAING OG MØTE

Januar

- Camilla Rossing og Bodil Enger på Mellommøte for Nordisk draktseminar, i København.
- Møte i Oslo om Fagdagane.
- To dagars møte i Nomenklaturgruppa i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil, i Trondheim.
- Ragni Engstrøm Nilsen deltok på konferansen Tid for kulturforskning i Bø i Telemark.

Februar

- Camilla Rossing invitert til å holde foredrag på to-dagars draktseminar i Vilnius, Litauen.
- Møte i Bunad- og folkedraktrådet, på Tromsø Museum.
- Camilla Rossing i planleggingsmøte i Tromsø, i forkant av samling i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil.



Tradisjonelle drakter frå Litauen. Vilnius 2017.

Mars:

- Camilla Rossing på lansering i Oslo av fortegnelsen over immateriell kulturarv i Norge; www.immaterieillkulturarv.no
- Ragni E. Nilsen deltok på nettverkssamling for nettverksansvarlege med Kulturrådet i Bergen.
- Camilla Rossing og Ragni E. Nilsen deltok på arbeidsmøte i nomenklaturgruppa på Røros.
- Feltarbeid Hardanger: Ragni Engstrøm Nilsen, Kristin Gulbrandsen, Solveig Strand og Camilla Rossing.
- Camilla Rossing deltok på samling i instruktørnettverket i Steinkjer, med besøk på Bjerkem Gard.
- Camilla Rossing deltok på møte i arbeidsgruppa for Fagdagane i Oslo.
- Camilla Rossing deltok med innlegg på Det Nasjonale Museumsmøte, med Norsk Museumsforbund, i Fredrikstad.

- Camilla Rossing i arbeidsmøte med evalueringskomiteen under Unesco.

April

- NBF reiste på studietur med heile staben til Sør-Frankrike
- Omvising i utstilling med Ulnes Montessori Skule.
- Camilla Rossing i møte med Atle Ove Martinussen (styreleder Vestnorske Kulturakademi) og Kjærsti Gangsø (Leder Studieforbundet Kultur og Tradisjon) om Drakt og samfunn og vegen vidare.
- Feltarbeid i Trysil: Ragni Engstrøm Nilsen, Kristin Gulbrandsen og Randi Flatin.
- Solveig Strand og Camilla Rossing på seminar hos Kulturrådet om EØS-midlane.

Mai

- Camilla Rossing i arbeidsmøte med evalueringskomiteen under Unesco.
- Camilla Rossing opna ny draktutstilling på Nordfjord Folkemuseum på Sandane.
- Camilla Rossing i Dagsnytt 18 om sal av material til bunad.

Juni

- Camilla Rossing opna draktutstilling på Ringerike.
- Ragni Engstrøm Nilsen og Camilla Rossing på samling i Nasjonalt Nettverk for drakt og tekstil, i Bardufoss i Troms. Tema skinnhandverk og immateriell kulturarv. Camilla heldt innlegg om instruktørnettverket og fortegnelsen.
- Møte i Bunad- og folkedraktrådet i Oslo.
- Camilla Rossing i arbeidsmøte med evalueringskomiteen under Unesco.
- Ragni Engstrøm Nilsen og Camilla Rossing reiste til Tuddal i Vest- Telemark for å besøke Leif Flugon og registrere sylvsamlinga han har gjeve til NBF.
- Camilla Rossing deltok på møte i arbeidsgruppa for Fagdagane i Oslo.
- Kristin Gulbrandsen og Camilla Rossing deltok på arbeidsmøte i nomenklaturgruppa, på Norsk Folkemuseum.

August

- Camilla Rossing i møte med Atle Ove Martinussen (styreleder Vestnorske Kulturakademi) og Kjærsti Gangsø (Leder Studieforbundet Kultur og Tradisjon) om Drakt og samfunn og vegen vidare saman med Høgskulen og Universitetet i Bergen.
- Fagdagane på Fagernes med opning av utstilling av sylvgjenstandar frå Leif Flugon og Irmelin Benes' samling.
- Camilla Rossing deltok med innlegg om vidaregåande utdanning, på seminar i regi av Oslo kjole- og draktsyarlag.

September

- NBF leverte høringssvar om ny lov om vidaregåande utdanning.
- Camilla Rossing deltok på møte i Instruktørnettverket, og i møte med Norsk Kulturråd. Møta handla om arbeidet med den nye fortegnelsen over immateriell kulturarv på nett.
- Camilla Rossing deltok på møte i ressursgruppa bak «Løfte Handverket», Oslo.
- Feltarbeid Troms: Ragni Engstrøm Nilsen, Kristin Gulbrandsen og Camilla Rossing
- Camilla Rossing på samling i Løfte Handverket, Lillehammer.
- Besøk av studentar frå Raulandsakademiet i utstillingar og arkiv.
- Feltarbeid i Vest-Telemark: Ragni Engstrøm Nilsen, Kristin Gulbrandsen, Randi Flatin og Bodil Enger.
- Møte i Bunad- og folkedraktrådet. To-dagars møte med besøk på feltarbeid og på Raulandsakademiet med omvising av Stian Roland og Mari Rorgemoen.

Oktober

- Feltarbeid i Vågå: Ragni Engstrøm Nilsen, Kristin Gulbrandsen, Solveig Strand og Camilla Rossing samt Signe Rui.
- Signe Rui, student frå NTNU, i praksis.
- Kristin Gulbrandsen og Camilla Rossing på arbeidsmøte i nomenklaturgruppa, på Norsk Folkemuseum.
- Camilla Rossing i møte med Kjærsti Gangsø frå Studieforbundet Kultur og Tradisjon og Anne Margrethe Fiskvik frå NTNU, om Drakt og Samfunn.
- Camilla Rossing i møte med Solveig Grønder om bunadnominasjonen til Unesco.
- Besøk på NBF frå bunadnemnd i Østfold.
- Camilla Rossing på evalueringsmøte etter Fagdage, i Oslo.

November

- Signe Rui, student frå NTNU, i praksis.
- Ragni Engstrøm Nilsen deltok på brukermøte hos KulturIT.
- NBF besøk av Sunniva Haaland, masterstudent som skriver om bunad og normer.
- Bodil Enger holdt foredrag på Fagernes eldresenter.
- NBF arrangerte kurshelg for medlem i Norsk Folkedraktforum, i Louis Seize - moten.
- Bodil Enger og Signe Rui deltok på Yrkesmesse på Fagernes, med stand om Bunadopplæringa.
- Kristin Gulbrandsen, Camilla Rossing og Ragni Engstrøm Nilsen deltok med nomenklaturgruppa på workshop hos KulturIT i Oslo. Ulf Bodin holdt kurset.

Desember

- Camilla Rossing deltok saman med Norsk Håndverksinstitutt i Evalueringskomiteen under Unesco på det mellomstatlege møtet på Jeju Island i Sør-Korea.
- Ragni Engstrøm Nilsen deltok på Kulturrådets lansering av nye Museumsprogrammer (søknadsmidlar).
- Camilla Rossing i møte med husflidskonsulent Marte Haugerud fra Telemark om et mulig forskningssamarbeid.
- Møte i Bunad- og folkedraktrådet i Oslo.



I Nîmes, hos produsenten Souleiado. Trykte bomullsstoffer, eller «Provence-stoffer».

FORNYING OG NETTVERKSBYGGING

Studietur til Sør-Frankrike

3. - 7. april 2017 reiste hele instituttet på studietur til Sør-Frankrike. Områda rundt Avignon, Nimes, Lyon og Mulhouse i Frankrike, er kjent for tekstilproduksjonen deira. Gjennom fem dagar reiste dei tilsette saman i leiebil frå Nice i sør til Basel i Sveits i nord. Dei vitja tekstilfabrikkar og drakt- og tekstilmuseum. Både trykte bomullsstoff og silkedamaskar herifrå, har funne vegen til Noreg i eldre tid.



Trykkblokker til bruk på bomullsstoff. Nimes 2017.

Nominasjon Bunad Unesco

Noregs Ungdomslag, Norsk Folkedraktforum, Studieforbundet kultur og tradisjon, Norsk institutt for bunad og folkedrakt og Norges Husflidslag tok i 2017 initiativ til oppstart av nominasjonsarbeidet for «Den norske bunadbruken» med tanke på innskriving på UNESCO sin Representative Liste over immateriell kulturarv. Gruppa ønsker å nominere den allmenne, norske bunadbruken, og skal fokusere på både bruk og produksjon av bunaden. Målet er å understreke den allmenne bruken, handverket og bunaden sin lokale tilknytning (ikkje berre nasjonal). Det er avgjørande at nominasjonen tar utgangspunkt i brukarane og fellesskapet av bunadsbrukarar og –produsentar. NBF og Norges Husflidslag tar ansvaret for prosessen med å leggje til rette for, forankre og til sist skrive søknaden om nominasjon.

Arbeidet med nominasjonen har en foreløpig tidsramme på to år. Framdriften vil avhenge av kva for økonomiske og personalmessig ressursar våre organisasjonar har til rådighet til arbeidet.

Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil

NBF gjennom Valdresmusea er nettverksansvarleg for Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil. NBF skal som nettverksansvarleg bidra til å skape dialog mellom museumstilsette på det drakt- og tekstilfaglege feltet og leggje til rette for gode møteplassar og kompetansehevande tiltak. Fokus i

2017 har vore på arbeidet i nomenklaturgruppa. I tillegg hadde heile nettverket samling på Rundhaug Gjestegård i Troms, med fokus på skinn og immateriell kulturarv.

Fagdagane 2017 - Sylv

Tema for Fagdagane 2017 var sylv med ei rekkje aktuelle foredragshaldarar. Fagdagane såg dessutan på kva for rettigheter ein har som bunadsprodusent, i forhold til mønster og opphav. På seminaret var det også utstillingar, stoffmesse og demonstrasjon av handverk og påkledning av bruesylv. Om lag 140 deltakarar frå heile landet deltok og attendemeldingane var svært gode, noko som syner at ein slik felles, nasjonal møttestad er viktig for feltet. Fagdagane er eit samarbeidstiltak mellom Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag, Norsk folkedraktforum, Studieforbundet Kultur og Tradisjon og Norsk institutt for bunad og folkedrakt.

Immateriell kulturarv

I 2017 har NBF halde fram si deltaking i instruktørnetverket for implementering av UNESCO sin konvensjon om immateriell kulturarv i Noreg. Her knyter NBF kontakt med andre relevante aktørar frå kulturarvsfeltet i Noreg, på same tid som ein er med og former arbeidet med IKA i Noreg. Fokus i 2017 har i stor grad dreia rundt korleis ein ser for seg vidare arbeid og rolla til nettverket.

NBF søkte våren 2017 om akkreditering som rådgjevar og NGO for UNESCO. Vedtak takast sommaren 2018.

Evalueringskomité under Unesco

I februar 2016 vart Camilla Rossing ved NBF spurt om ho ville sitje i den norske evalueringskomitéen under Unesco, saman med Norsk Håndverksinstitutt. Komiteen er oppretta som representant for Europa og Nord-Amerika. Det er fem andre slike komitear rundt om i verda. Desse seks komiteane, saman med seks enkeltstående ekspertar, er dei som evaluerer søknadar frå heile verda om å bli sett opp på Unesco sine lister over Immateriell Kulturarv. Frå april til juni 2017 vurderte den norske komiteen 51 slike søknader. I desember deltok komiteen på det mellomstatlege møtet på Jeju Island i Sør-Korea, kor søknadane vart behandla.

BUNAD OG FOLKEDRAKTRÅDET

Bunad og folkedraktrådet er eit statleg oppnemd råd og er ein rådgjevande innstans for Norsk institutt for bunad og folkedrakt. NBF fungerer som sekretariat for Rådet. I tidligare år har det vore vanleg at rådet har hatt møta deira i lokala til Kulturdepartementet i Oslo. Dette er ikkje lenger mogleg, grunna nye sikkerhetstiltak., Ein lyt difor møtast i andre lokal og på andre stader.

Eva Steinvik Wold , Dagleg leiar, Bunadsaum AS, Inderøy	-rådsleiar
Berit Åse Johnsen , Konservator, RidduDuottarMuseat, Karasjok	-medlem
Petra-Mari Linaker , Husflidskonsulent, Troms	-medlem
Ingar Ranheim , Konservator, Valdresmusea	-medlem
Ayesha Khan , Sosialantropolog, Oslo	-medlem
Ida Tolgensbakk , Doktorgradsstipendiat kulturhistorie, UiO	-varamedlem
Lise Finne , Høgskolelektor, Kunst- og Designhøgskolen, Bergen	-varamedlem

Av desse er Ingar Ranheim, Ayesha Khan og Ida Tolgensbakk oppnemt til 2018. Dei andre er oppnemt til 2020.

Møtedatoar 2017

Møte 1: 22. februar, Tromsø Museum, Tromsø.

Møte 2: 12. juni, Norges Husflidslag, Oslo

Møte 3: 28. - 29. september, Dalen Hotell, Vest-Telemark

Møte 4: 14. desember, Norges Husflidslag.

Bunad- og folkedraktrådet er ein viktig drøftingspartner for NBF i strategi og vegval. Rådet har i 2016 handsama tiltaksplan, budsjett og rekneskap og årsrapport. Vidare har dei vore med i drøftingar rundt personalsituasjonen/ ny instituttleiar, ombygging og sikring, høgskulestudiet «Drakt og samfunn» og andre prinsipielle saker. Rådet har kommentert NBF sin årsrapport og budsjettsøknad til Kulturdepartementet, og legg her vekt på at det trengs ei auke i bevillinga for å få utnytta si rolle som verdiskapar, kompetansesenter og arkiv.



Frå utstilling i Nimes: Stoff frå Nimes, eller som på fransk; de Nimes, betre kjent som denim.